



Det psykologiske fakultet

Referanse

2013/1857-ØYSLA

Dato

08.03.2013

## Utdanningsmelding 2012 - Institutt for pedagogikk

I sin bestilling av utdanningsmelding ber det Det psykologiske fakultet Institutt for pedagogikk (IPED) om svar på nokon spesifikke spørsmål/punkt:

### Oppfølging av prioriteringar omtalt i utdanningsmeldinga for 2011

Instituttet prioriterer arbeidet med å auke opptakstalet på eittårig PPU, mellom anna ved å arbeide for ein deltidsmoell og rekruttere bachelor-/masterstudentar ved DPF til å ta PPU (psykologididaktikk).

### Eksempel på et studiekvalitets- eller læringsmiljøtiltak fakultetet har hatt oppmerksomhet om inneværende år

Instituttet har heilt sidan 2008 hatt fokus på implementering av kvalifikasjonsrammeverket, så også i 2012. Og i 2012 arrangerte også IPED ein eigne Undervisingsdag der fokuset også berørte korleis ein kan auke studiekvaliteten for studentane. IPED har også hatt fleire PEK-prosjekt som har sett fokus på mellom anna studiekvalitet.

### Eksempel på et område fakultetet har særlige utfordringer og vil følge opp i det kommende året

Minke frafall på bachelorprogrammet i pedagogikk. Instituttet ønsker også å få undersøkt moglegheiten for suppleringsopptak her.

### Eksempel på studiekvalitets- læringsmiljøtiltak/område fakultetet har vært særlig fornøyd med inneværende år

Fakultetets studiekvalitetspris 2012 gikk til bacheloremnet PED114 – «Education for a changing society», bachelorprogrammet i pedagogikk. Dette er så langt det einaste engelskspråklege emnet på Det psykologiske fakultet. Det kan òg nemnast at Studentutvalget ved Det psykologiske fakultet tildelte ein tilsett ved IPED Undervisingsprisen for 2012.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for pedagogikk  
Telefon  
Telefaks

Postadresse

Besøksadresse  
Christiesgate 13  
Bergen

Sakshandsamar  
Øystein Steine Larsen  
55584833

### **Hvilke(t) program har vært evaluert inneværende år og plan for programevaluering i 2013**

- På bachelor og master i pedagogikk vert alle emna evaluert kvar gong dei er undervist i. Det vil bli sendt ut evalueringsskjema i år til kulla som går ut frå master (campus)- og bachelor i pedagogikk våren 2013, slik at desse programma kan bli evaluert som program i 2013. Det vart og skrive programsensorrapport i 2012.

- Universitetspedagogikkprogrammet vart evaluert av programsensor i 2012. I 2013 utfører eksterne *Ideas2evidence* ei evaluering av Universitetspedagogikken på bestilling frå Universitetet i Bergen.

- For PPU og lærarutdanning ved IPED skreiv ikkje programsensor rapport i 2012, då grunnlagsmateriale var mangelfull som følgje av streik våren 2012. Evaluering vil bli gjennomført i 2013. Sjølve lærarutdanningsprogramma er tverrfakultære og eigd av UiB sentralt, så det er ikkje instituttet/fakultetet si oppgåve å gjennomføre ei overhengande programevaluering her.

- Rektorutdanningsprogramma i Norge vart evaluert av NIFU-step i 2012:  
<http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Forskningsrapporter/NIFU/Fornoyde-med-rektorutdanningen/>

- Rettleiar- og mentorutdanninga vart sist evaluert av programsensor i 2010/2011. Emna er planlagt evaluert igjen i 2013.

### **Planer for oppretting/nedlegging av studietilbod**

Det blir undersøkt moglegheit for oppretting av studietilbod på masternivå for lærarutdanningsdelen av pedagogikk som modular på eksisterande mastergrad i pedagogikk og/eller som sjølvstendig deltidsprogram. Moglegheita for slik implementering gjeld også for eksisterande modular ved rettleiar- og mentorstudie. Dette er også er nedfelt i førre utdanningsmelding for 2011. Det blir også arbeidd vidare med å greie ut moglege fagdidaktikktilbod i idrett/kroppsøving med omsyn til å auke studenttalet ved PPU, då vi i dag må takke nei til alle studentar som har praktisk-estetiske fag i kombinasjon med teorifag.

Venleg helsing

Rune Krumsvik  
instituttleiar

Øystein Steine Larsen  
administrasjonssjef